

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
411	Knut Øyjordet	15.08.19	19/19

BESØKSSTRATEGI FOR VERNEOMRÅDA I REINHEIMEN – HØYRING

Saksdokument:

E-post frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen av 02.05.19, «Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen – høyring (dokumenta er utlagt på heimesida til nasjonalparkstyret)

Saksutgreiing og vurdering:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har sendt på høyring forslag til besøksstrategi for verneområda i Reinheimen. Den er fagleg godkjent av Miljødirektoratet. Formålet med å utarbeide ein slik strategi er å få til ei samla besøksforvaltning for Reinheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde. Det er ein omfattande og grundig plan med mange sider, og med eit vedlegg «Reiseliv og besøkande i og rundt Reinheimen», som grunnlag for vidare arbeid med besøksforvaltning.

Overordna mål for besøksstrategien er å ivareta verneverdiane, leggje til rette for gode opplevingar for besøkande, bidra til lokal verdiskaping og auka forståinga for vernet. Det skal vera ein plan for korleis nasjonalparkstyret vil gjennomføre besøksforvaltning for verneområda i Reinheimen. Den skal vise kva tiltak som er naudsynte for å balansere verneverdiane, besøkande, brukarar og lokal verdiskaping, slik at ein oppnår størst mogleg nytte for alle interessene. Eit overordna prinsipp for besøksstrategien er at dersom det er motstridande målsettingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for besøkande og lokal verdiskaping, skal ivaretaking av verneverdiane tilleggst størst vekt.

Hovudmåla er lista opp på side 21 i planen. M.a. står det at Reinheimen skal behalde sitt særpreg som eit urørt område med lite besøk. Bruken av verneområda skal skje etter same mønster som tidlegare, der næringsaktivitetar som setring, beite, jakt og fiske har sin plass saman med enkle friluftaktivitetar som ikkje krev vesentleg tilrettelegging eller set spor. Villreinen sitt leveområde skal styrkast for at villreinen i større grad skal bruke områda i vest. Sentrale delar av nasjonalparken med merka stigar og hytter skal skjermast mot ei stor framtidig besøksauke. Hovudtyngda av besøkande skal kanalisrast til opplevingar utanfor og i randområda av verneområda. Prioriterte innfallsportar skal leggjast til strategiske plassar utanfor verneområda.

På side 37 i planen er det lista opp ein tiltaksplan, med vekt på informasjon, tilrettelegging og synleggjering.

Vedtak: (Samrøystes)

I høyring av «Besøksstrategi for verneområda i Reinheimen», støttar Finndalen fjellstyre i hovudsak hovudmål og forslag til strategiar og tiltak.

Finndalen er ein dal med mange setrer og beitedyr, og området er viktig for jakt, fiske og tradisjonelt friluftsliv, spesielt for lokalbefolkninga. Fjellstyret meiner difor at det ikkje må leggjast til rette for turisme som kan medføre ein vesentleg auke i ferdselen i Finndalen og i nærliggjande fjellområde.

Fjellstyret støttar forslaget om innfallsportar og utvikling av desse som plassar med hovudinformatjon. Fjellstyret meiner likevel det er viktig med noko informasjon og anna tilrettelegging i sjølve Finndalen også, slik som det er i dag. Informasjonstavler på sentrale plassar, doar, eigen plass for camping, merka stigar er døme på dette.

Gjerdingodden er ein fin og populær plass både for lokalbefolkning og tilreisande. Fjellstyret tykkjer det er viktig at bruken her ikkje skal føre til stor terrengslitasje. Difor er det viktig at ein gjennom informasjon, kanalisering og tilrettelegging minskar faren for dette.

Sjølv om det ikkje er ønskeleg med stor trafikk, så meiner fjellstyret det likevel er viktig å få ei betre skilting av enkelte stigar, både for å kanalisere ferdselen ut ifrå opparbeidde parkeringsplassar og for at folk lettare skal kunne finne fram. Spesielt gjeld dette stigar ut ifrå parkeringsplassane på Vangen.

Fjellstyret har to utleigehytter, Honnsjobue og Råkåbue. Honnsjobue er ei lita bu/brakkje som nyleg er restaurert. Råkåbue var ferdig bygd i 2002. Båe buene er viktig for fisinga på Honnsjoen og Råkåvatnet. Bue er lagt ut for booking på Inatur, men pga. fisinga på Råkåvatnet blir innanbygds prioritert på Råkåbue frå 1. august og ut garnfiskeperioden. Fjellstyret er klar over at bruken av buene kan medføre litt meirtrafikk i området, men for fjellstyret er buene svært viktig for å utnytte fiskeressursane i dei to vatna, og i kultiveringa av bestandane. Fjellstyret er innstilt på å stenge buene i kalvingsperioden for villrein dersom det blir aktuelt.

Fjellstyret meiner det er viktig at i spørsmål/planar om ulike tilretteleggingstiltak i Finndalsområdet som kan medføre meirtrafikk, må bruksrettsinteressene bli involvert i planane.

Rett utskrift. Går til:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Kopi til:

Statskog v/Hilde Hammer

Vågåmo, 16.08.19

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13676	finndalen@fjellstyrene.no